

MØTEREFERAT

29 oktober 2018 Tid: Kl 09.30 – 14.00

Stad: Stort møterom 3 etg. Sentralblokka

Til stades:

Svein Nord Kristiansen

Hjørdis Dahle

Dag Einar Liland

Ida Carlsen Eide

Kirsten Eikanger Mjelde

Inger Lingjerde

Marianne C. Håheim

Agnar Berland

Forfall

Frode Tony Bodin- ikkje møtt. ikkje meldt forfall

Joe R. Aserwatham- Ikkje møtt. Ikkje meldt forfall

Inge Aareskjold Fiskvik, meldt forfall

Sak 77/18 Godkjenning av innkalling og saksliste for Brukarutvalet i Helse Bergen

Godkjent utan merknader

Sak 78/18 Godkjenning av referat frå møte 24.09.18

Godkjent utan merknader.

Sak 79/18 10.00-10.30 Signe Haugen, avdeling for spiseforstyrrelser.

Avdelinga har ei tid hatt store utfordringar. Ting har blitt meir ordna no. Dei er ei regional eining med 8 senger. Ventetid no på om lag 10 veker. Dei har ikkje ØH funksjon men tar ansvar for mange av dei med størst utfordringar. Organisert under psykiatri divisjonen. Har samarbeidsavtale med medisinsk avdeling. Handsamar spiseforstyrrelsar som primærledning. Har no fått to psykiatere og har tverrfagleg kompetanse. Poliklinikk med 40-50 pasientar til ei kvar tid. Kompetanseutvikling hjå helsesøstre eit viktig tiltak. Fastlegar er sentral tilvisar.

Sak 80/18 11.00-11.30 Om kvalitetsregister generelt v/Marie Waatevik og Kari Gulbrandsøy Gulbrandsøy og Waatevik orienterte om servicesenteret. 19 av om lag 60 kvalitetsregistre er i Helse Bergen

- Om nasjonale medisinske kvalitetsregistre
- Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre

Foilar vert vedlagt

Sak 81/18 kl 12.00-12.15 Reorganisering ved Nevroklinikken v/ Brit Pedersen

Det er satt i gang et arbeid med å utgreie framtidig organisering av nevroklinikken. Det er ei rein organisatorisk endring som skal vurderast. Dette arbeidet skal fullførast i år.

Nevroklinikken har hatt 4 leiarar siste 8 år. Det er ulike årsaker til dette. Det er no fleire

alternativ. Sjølvstendige einingar, slå saman med hode hals, inga endring. Det vert oppretta ei arbeidsgruppe for å gje direktøren eit grunnlag for å ta god avgjerdsle.

Sak 82/18 12.15-12.55. Vise adm. Direktør Randi Luise Møgster orienterer om aktuelle saker i Helse Bergen.

- Det vil ikkje bli nye tiltak for å spare i det komande budsjett. Ein er oppteken av å få ut effektane av tiltaka som alt er gjennomført eller under gjennomføring.
- Den svært uheldige hendinga ved mottaksklinikken blir no følgde opp både internt og av fylkeslegen. Det blir gjennomført strakstiltak
- Streik ved pasienthotellet has gitt oss utfordringar
- Det vil bli gjennomført stor satsing på pasientar med samansette lidingar/storbrukarane både gjennom LKT prosjektet og arbeid med forløp. Arbeidspress ved mottaksklinikken
- Samhandlingsprosjektet med kommunane v/ KS-Konsult er endra. Styringsgruppa ønskjer større fokus på våre lokale utfordringar, gjere ting vi vil ha nytte av. Skal det utarbeidast ein utviklingsplan for samhandling ?
- Vardesenteret. Det er her ein prosjektkoordinator.
- Det er semje om å arrangere eit møte om brukarmedverknad. Brukarutvalet si rolle i forhold til øvrige organ for brukarmedverknad. Det er i dag berre brukarutvalet og ungdomsrådet ein er pålagt å ha. Skal brukarutvalet ha ei meir overordna rolle ?
- Viseadm. Direktør mottar gjerne konkrete førespurnader frå Brukarane om forhold i Helse Bergen ein bør gjera noko med. Viktig å kartlegge flaskehalsar.
- Pasienter på diett bør ivaretakast betre?

Sak 83/18 13.00-13.15. Erik Vigander; Bruk av pressemeldingar og brukarar og pårørande sin anonymitet. Han orienterte kort over historikk når det gjeld pressemeldingar om status for pasientar innlagt etter ulykker. Kategoriane er lettare skada, alvorlig skada og kritisk skada. Dei har tatt initiativ til nye rutinar der personvernet er tilstrekkeleg ivaretatt. **Konklusjon:** Brukarane støttar at det vert gjort eit arbeid for å sikre personvernet når det gjeld pressemeldingar. Foilar vert vedlagt.

Sak 84/18

1. KSK – Kvalitets og pasientsikkerheitsutval v/ Beate Klemetsen /mail 171018
Konklusjon: Inger Lingjerde og Svein Nord Kristiansen representerer Brukarutvalet. Sekretariatet melder tilbake.
2. Barne og ungdomsklinikken- Kvalitets og pasientsikkerhetsutvalg v/ Anne Jorunn Langeland. Leder av Brukarutvalet kontakter ungdomsrådet
Konklusjon: Ulrikke Tranberg og Hjørdis Dahle representerer brukarane
3. Kvalitets og pasientsikkerhetsutvalg Øyeavdelingen v/ Alf Henrik Andreassen- Forslag fra AU – Representant fra Blindeforbundet og Hjørdis Dahle. **Konklusjon:** Hjørdis Dahle og Representant frå Blindeforbundet representerer brukarane.
4. Kvalitets og pasientsikkerhetsutvalg Revmatologisk avdeling v/ Alf Henrik Andreassen. Hvem representerer ? **Konklusjon:** Leiar kontakter avdeling for å få kandidat.
5. KK Brukarråd v/ Vadset. Mail frå Torhild Vedeler 2809 **Konklusjon:** Blir vurdert i forbindelse med møte om brukarmedverknad i Helse Bergen
6. Kurs FORMI, unge med smerter v/ Astri Torgersen Lunestad mail 1810. Hjørdis har sendt ungdomsrådet. **Konklusjon:** Avventer svar frå ungdomsråd til Hjørdis.

Sak 85/18 Frå/til utvalet

1. Frå Helse Vest Til informasjon planlegges opplæringsdag for nye (og gamle) brukarrepresentantar den 13. mars 2019. Sted: Flesland, Bergen. **Konklusjon:** Tas til orientering
2. Nytt Brukarutval – Representasjon- **Konklusjon:** Tas til orientering
3. Workshop om digital grunnopplæring for brukarmedverknad. **Konklusjon:** Inge Fiskvik reiser
Stort auditorium 30 oktober. Seminar overbehandling. Clara Gram Gjesdal Åpent. Ida Carlsen Eide holder innlegg
4. KK Gyn faglig grensesnitt v/ Mari Øygaard. **Konklusjon:** I dette prosjektet har Inger Lingjerde vore brukarrepresentant frem til april 2018. Hjørdis følgjer opp vidare mht våre innsigelser mot framlagt forslag vedrørende Felles mottak og felles recovery for kvinner (KK) og pasientar fra barn- og ungdomsklinikken
5. Erfaringar med nye PCer. **Konklusjon:** Brukarutvalet ønskjer hjelp til å komme inn/bruke PC. Bruk av nye adresser ?
6. Avklare med Helse Vest om verv/lønn for å delta i BU- **Konklusjon:** Sekretær i BU Helse Vest utarbeider utkast til notat for arbeidsgivere der det er ønskje om fri til verv som brukarmedverker. Blir lagt fram for AU.
7. Invitasjon til seminar for pasient- og brukarrepresentantar/organisasjonar om nasjonale kvalitetsregistre 28.november 2018. **Konklusjon:** Hjørdis Dahle, Svein N. Kristiansen og Dag Einar Liland deltar, Dag Einar frå eigen organisasjon.
8. Årshjul
 - a. Orienteringar frå ulike avdelingar. Brukarrelatert. Inge Fiskvik lager forslag. **Konklusjon:** Utvalet var positive til skisse. Ønskjer det som sak på neste møte.
9. Kurs for brukarmedverknad i forskning smerte hos ungdom. Er sendt Torhild Vedeler/Siri Larsen **Konklusjon:** (Utgår da det er handtert i sak 84-6)
10. Forskings konferanse Helse Vest v/Grete Muller- **konklusjon:** Inge Fiskvik og Hjørdis Dahle deltek.
11. Budsjettsituasjon. Sekretariat hentar rapport. Sekretariatet orienterte kort. Ein må rekna med ekstra kostnader som følge av at alle avdelingar skal ha brukarmedverknad i kvalitets og pasientsikkerheitsutval. Dette skjer samtidig som at brukarane har som hovudregel å vere to i alle prosjekt. Det er viktig for å ha reell medverknad. Brukarutvalet ber om ytterlegare kr 100 000 i budsjett for 2019 for å kunne møte krav om medverknad. **Konklusjon:** Tatt til orientering
12. Regional utviklingsplan- høringsmøte v/ Ingvild Sunde. **Konklusjon:** Dag Einar Liland og Svein Nord Kristiansen møter frå Brukarutvalet
13. Tilgang til poliklinikk Voss sjukehus – utkast frå Ida. **Konklusjon:** Utvalet ga sin tilslutning til utkastet utarbeidd av Ida Carlsen Eide. AU sender brevet.

Sak 86/18 Eventuelt

Det er ynskje om å sette av tid til å hjelpe brukarar som treng det å kunne nytte tildelte pc.
Konklusjon: Sekretariatet følgjer opp

Brev angående BUS og Marie Joys. AU tar direkte kontakt.

